



**Samanslåing av Sogn og Fjordane og
Hordaland fylkeskommunar**

**«Delrapport III for delprosjektområde 15
- overføring av eigarskap til Vestland
fylkeskommune»**

Vestland fylkeskommune 2020
Leveringsdato: 24.05.2019

Innhald

Innhald	i
1. Innleiing	2
1.1 Om delprosjektet	2
1.2 Om delrapport 3 – overføring av eigarskap til Vestland fylkeskommune	2
1.3 Kort samandrag av resultatane arbeidsgruppa har kome fram til	3
2. Generelt om kva verknader samanslåinga kan få for fylkeskommunane sin eigarskap	3
2.1 Innleiing	3
2.2 Rettslege rammer	3
2.3 Kort om sentrale omgrep om prinsipp	3
2.4 Kort om dei ulike selskapsformene	4
2.5 Oversikt over konsekvensar etter selskapsform	6
2.6 Registreringsplikt	11
2.7 Samanfating av ulike oppgåver og konsekvensar i tabell	12
3. Tilråding om administrativ oppfølging og politisk behandling sortert på selskapsform	15
3.1 Innleiing	15
3.2 Oversiktstabell	15
3.3 Utfyllande kommentar til tabellen	17
3.3 Tidsplan	20
Vedlegg 1: Samandragstal	22
Vedlegg 2: Tabell med oversikt over aksjeselskap i VLFK	23

1. Innleiing

1.1 Om delprosjektet

Grappa har i samråd med sekretariatet vurdert det som hensiktsmessig å dele arbeidet under delprosjektområde (DPO) 15 inn i tre hovudarbeidsområde, som skal resultere i tre delrapportar.

1. Administrativ organisering/plassering
2. Retningslinjer for eigarstyring
3. Formell overføring av eigarskap til Vestland fylkeskommune (denne rapporten)

Delrapport 1 om administrativ organisering og plassering er levert tidlegare. For ei nærare skildring av delprosjektet og kva oppdraget går ut på, syner gruppa til denne rapporten. Delrapport 2 og 3 bygger i all hovudsak vidare på prosjektgrunnlaget som er lagt i den første rapporten, og handlar om konkrete eigarskapsoppgåver og korleis desse skal overførast til og handterast i Vestland fylkeskommune.

1.2 Om delrapport 3 – overføring av eigarskap til Vestland fylkeskommune

Delrapport 3 tek føre seg overføringa av Hordaland fylkeskommune (HFK) og Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) sin eigarskap til Vestland fylkeskommune (VLFK). Rapporten er inndelt i ein generell del og ein konkret del. Den generelle delen gjer greie for rettslege rammer for overføring av eigarskap og konsekvensar og oppgåver i samband med fylkeskommunesamanslåing for eigarar, selskap og eventuelle tredjepartar. Den konkrete delen inneheld prosjektet si tilråding om administrativ oppfølging og politisk behandling i samband med samanslåinga av HFK og SFFK til VLFK.

Kort oppsummert syner rapporten at eigarskap i dei fleste tilfelle vert overført til VLFK utan behov for føregåande handling. Der eigarskap vert overført automatisk kan det likevel oppstå behov for å endre vedtekter og selskapsavtale i ettertid, m.a. der fylkeskommunen er nemnt med namn, der eigarbrøken vert endra i strid med intensjonen med selskapet eller der talet stemmer i t.d. generalforsamling må fordelast på anna vis. Arbeidet med å kartlegge kva for endringar som vil vere nødvendige, bør ta til så snart som råd. For nokre selskaps- eller samarbeidsformer, krev overføringa av eigarskap eller deltaking aktiv handling frå eigar/deltakar si side. Dette gjeld t.d. for fylkeskommunen si deltaking i interkommunale selskap, samvirkeføretak og samarbeid etter kommunelova (kompl.) § 27.

Styret i eit selskapa har eit forvaltningsansvar for selskapet, og med dette eit ansvar for å sørge for å gje eigarane beskjed dersom selskapsavtalen ikkje er i tråd med selskapet si verksemd eller det styringsverktøyet selskapet skal halde seg til. For selskap med fleire eigarar er gjerne styret si plikt sterkare, enn ved ein eigar. Ved å ta kontakt med dei ulike selskapa i juni 2019, tek Nye Vestland fylkeskommune sin del av ansvaret med å sikre ei forsvarleg overføring av eigarskap til Vestland fylkeskommune. I dei tilfella det er nødvendig med politisk behandling, vil administrasjonen legge fram politiske saker for det aktuelle politiske organet så snart det let seg gjere i 2020. Saker det er naturleg å behandle samstundes, vert lagt fram som ei sak.

Delprosjektgruppa har diskutert oppdrag og framdrift i fleire arbeids- og statusmøte. Arbeidet har elles blitt utført ved at gruppedeltakarane har skrive utkast til rapporten, som dei andre deltakarane har gjeve skriftlege attendemeldingar til. Gruppa har samarbeida godt, og alle er einige om innhaldet og konklusjonane i rapporten. Delrapporten skal følgjast opp med eit notat til orientering til fellesnemnda i juni.

1.3 Kort samandrag av resultatata arbeidsgruppa har kome fram til

Eit samandrag av resultatata er lagt ved rapporten.

2. Generelt om kva verknader samanslåinga kan få for fylkeskommunane sin eigarskap

2.1 Innleiing

Målet med denne delen er å gje ei generell oversikt over kva konsekvensar ei samanslåing av to fylkeskommunar får eller kan få for selskap og andre samanslutningsformer fylkeskommunane har eigarskap eller deltaking i. Vi greier mellom anna ut spørsmål som: -Kva skjer med eigarskapen i selskapa? -Kva følgjer får fylkeskommunesamanslåing for selskapa? -Vert medlemskap i t.d. eit samvirkeføretak vidareført? -Er det behov for endringar i selskapsavtale eller vedtekter?

I det følgjande vert både fylkeskommunar og kommunar omtalt som kommunar.

2.2 Rettslege rammer

Lov om fastsetjing og endring av kommune og fylkesgrenser (inndelingslova) har reglar for korleis kommunestrukturændringar skal gjennomførast, inkludert reglar om oppgjer mellom kommunar ved deling av kommunar. Inndelingslova regulerer i lita grad kva konsekvensar kommunestrukturændringar får for selskap og andre organisasjonsformer som kommunane er deltakarar i. Rettsverknader for selskap ved endringar i kommuneinndelinga kjem slik dels an på ei vurdering av kva den enkelte selskapslov seier, dels på føresegner i inndelingslova, og dels på ulovfesta rett. KS har utarbeidd ein rettleiar om temaet, og det er innhaldet i denne som i stor grad vert attgjeve her i den generelle delen av rapporten. Rettleiaren finn du her: <https://www.ksbedrift.no/media/1978/rapport-om-selskaper-og-kommunereform.pdf>.

2.3 Kort om sentrale omgrep om prinsipp

Kontinuitetsprinsippet

Ei kommunesamanslåing kan minne om ein fusjon mellom to selskap. Fusjonsreglane bygger på eit såkalla kontinuitetsprinsipp. Dette inneber at det overdragande selskapet sine ulike rettar og plikter vert overførte slik dei er til det nye selskapet. At eignedelar og rettar kan overførast, følgjer også av alminneleg avtalerett. I samband med kommunesamanslåingar har Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) skrive følgjande om problemstillinga:

«Etter departementets vurdering må et generelt, ulovfestet kontinuitetsprinsipp legges til grunn ved kommunesammenslåinger, slik at det heller ikke er krav om samtykke fra medkontrahenten for å overføre kontrakter til den nye, sammenslåtte kommunen.»

Rettssubjekt

Ved ei samanslåing av to fylkeskommunar oppstår det eit nytt rettssubjekt. Dette er også lagt til grunn i inndelingslova § 3. Eit rettssubjekt kan få rettar og ta på seg plikter. Alle fysiske personar er rettssubjekt, og det same gjeld i utgangspunktet for juridiske personar. Eit selskap er såleis eit eige rettssubjekt som er uavhengig av eigarane sine.

2.4 Kort om dei ulike selskapsformene

1. Aksjeselskap (AS)

Styrt av lov om aksjeselskap (aksl). Eit aksjeselskap er eit eige rettssubjekt, jf. aksjelova § 1-2, og kan stå som eigar, ta på seg plikter og vere part i avtalar og prosessar. Eigar i eit AS vert omtala som aksjonær. Det kan vere fleire eigarar, og desse kan vere både enkeltpersonar og juridiske rettssubjekt, offentlege så vel som private. Aksjonærane i selskapet skal ved kapitalinnskot eller tinginnskot finansiere aksjekapitalen i selskapet, som igjen vert fordelt på fleire aksjar. Eigarrettane er knytt til aksjar og kvar aksje skal ha lik kroneverdi. Ein aksje gjev som regel like rettar i selskapet, jf. aksl. § 4-1. Ein eigar som har meir enn 50 % av aksjane har majoriteten av stemmene på generalforsamlinga om ikkje anna er fastsett i vedtektene (innanfor aksl. sine rammer). Eigarane har *avgrensa ansvar* for aksjekapitalen, jf. § 1-2. Ein aksjonær kan fritt overdra sin aksje til andre med mindre anna er avtalt. Etter aksl. § 3-4 skal selskapet til ei kvar tid ha forsvarleg eigenkapital og likviditet ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet. Eit aksjeselskap skal ha vedtekter som grunnlagsdokument, og desse skal fastsette selskapets verksemd. Selskapsforma er først og fremst tiltenkt verksemd med økonomisk føremål. Øvste organ er generalforsamlinga (GF). GF har alminneleg instruksjons- og omgjeringrett overfor andre selskapsorgan med unntak av saker som gjeld utbyte, denne kompetansen ligg til styret. GF vel styret. Styret er øvste leiande organ, og har ansvar for forvaltninga av selskapet, jf. aksl. § 6-12, og representerer selskapet utetter jf. § 6-30. Styret tilset dagleg leiar, med mindre anna er fastsett i vedtektene. Eit aksjeselskap kan stille garantiar for andre selskap. Eit AS kan ikkje omdannast til anna enn eit allmennaksjeselskap. Det er GF som kan vedtak oppløysing og avvikling.

2. IKS

Regulert av lov om interkommunale selskap og har IKS i namnet. Eit IKS er eit eige rettssubjekt på lik linje med eit aksjeselskap. Eigarane vert omtala som deltakarar, og det må vere minimum to. Selskapet må oppløysast dersom deltakartalet vert redusert til ein på grunn av uttreden eller utelating. Deltakarane har til saman *uavgrensa ansvar* for selskapet sine forplikingar. Den enkelte deltakar sitt ansvar svarar til eigardelen, med mindre anna er avtalt i selskapsavtalen. Ein selskapskreditor må først gjere kravet sitt gjeldande mot selskapet, og når dette ikkje har ført fram i løpet av 14 dagar, kan kreditor krevje frå den enkelte deltakaren. Eit IKS vert styrt av selskapsavtalen, som mellom anna skal fastsette føremålet med verksemda. Selskapet sine organ er representantskapet som øvste organ, eit styre valt av representantskapet, og ein dagleg leiar, tilsett av styret. Eigarane utøver sine eigarinteresser gjennom representantskapet. Fleirtalsavgjerder er bindande for deltakarane, med mindre anna går fram av lov eller selskapsavtalen. Det enkelte kommunestyret vel sin eller sine medlemar til representantskapet. Styret forvaltar selskapet på vegner av deltakarane, og skal føre tilsyn med dagleg leiar. I prinsippet kan alle typar oppgåver leggest til eit IKS. Det gjeld

ikkje noko kontinuitetsprinsipp ved omdanning av eit IKS til eit aksjeselskap eller til ei anna selskapsform. Dersom deltakarane ønskjer å endre selskapsforma, må selskapet oppløysast og eit nytt selskap må opprettast (deltakarane kan velje å tre ut av selskapet slik at selskapet må oppløysast). Uttreden frå eit IKS må varslast skriftleg eit år i førevegen, om ikkje anna er avtalt i selskapsavtalen. I selskapsavtalen kan også avtalast tvungen deltaking i eit avgrensa tidsrom.

3. Interkommunalt styre etter kommunelova § 27 (§ 27-samarbeid/styre)

Eit interkommunalt samarbeid kan opprettast og organiserast etter kommunelova (kompl.) § 27 av to eller fleire kommunar. Eit slikt styre kan gjevast oppgåver som gjeld drift og organisering (og avgjerdsmynde innanfor dei same oppgåvene), men ikkje oppgåver som inneber utøving av offentleg mynde. Eit § 27-samarbeid kan vere eit eige rettssubjekt, men dette er eit spørsmål om tolking, om det ikkje er fastsett i vedtektene. Lova regulerer ikkje dette. Dersom samarbeidet er eit sjølvstendig rettssubjekt vil deltakarane *hefte solidarisk* overfor eventuelle kreditorar for dei samla forpliktingane selskapet har teke på seg. Dersom samarbeidet ikkje er eit sjølvstendig rettssubjekt, vil samarbeidet vere ein juridisk del av ein deltakarkommune si verksemd. Det kan fastsettast i vedtektene at eit § 27-styre har høve til å ta opp lån. Lova krev ikkje anna enn at samarbeidet skal ha eit styre. Deltakarane står fritt til å organisere samarbeidet med både eit overordna eigarorgan og ein dagleg leiar. Det skal fastsettast vedtekter for samarbeidet i tråd med minimumskrava i lova. Vedtektene skal ha føresegner om styret si samansetning og korleis medlemmane skal veljast, området for styret si verksemd, om det skal gjerast innskot i verksemda, om styret kan ta opp lån eller pådra deltakarane tilsvarande forpliktingar, og føresegner om uttreden og avvikling av samarbeidet.

4. Samvirkeføretak

Eit samvirkeføretak er ikkje eit selskap, men ei eiga organisasjonsform styrt av lov om samvirkeføretak (samvrkl.). Samvirkeføretak er ei organisasjonsform som i prinsippet kan nyttast for alle former for økonomisk verksemd. I lova er eit samvirke definert som «en sammenslutning med hovedformål å ivareta medlemmenes interesser ved at disse deltar aktivt i foretakets virksomhet enten som forbrukere, leverandører eller på lignende måte». Tanken er at dei som driv samvirketenestene/produksjonen eller gjer seg nytte av denne, også skal leie samvirket og ta del i overskotet, i motsetnad til eit aksjeselskap der aksjeeigarane ikkje behøver å ta del i eller på anna måte engasjere seg i verksemda. Lova inneheld fem absolutte vilkår for at det skal vere tale om eit samvirke. Eitt krav er at samvirkeføretaket må vere ei samanslutning med minimum to stiftarar/medlemar. Vidare må samvirket ha eit økonomisk føremål (vere til nytte for deltakarane). Samvirket må ha vedtekter i tråd med lova sine minimumskrav, det må vere ei viss omsetning eller samhandling mellom samvirket og medlemmane, og medlemmane skal ikkje hefte for samvirket sine forpliktingar (*avgrensa ansvar* tilsvarande som for AS). Deltaking i eit samvirke er basert på medlemskap, ikkje eigarskap. Hovudregelen er at medlemmane ikkje har krav på utbytte, og at eventuell overskotskapital vert verande i føretaket. Dersom vedtektene opnar for utdeling av overskot, skal dette skje på grunnlag av omsetning med selskapet, ikkje på grunnlag av innskoten kapital som i eit aksjeselskap. Eit samvirke er basert på demokratisk kontroll og likskap; kvar medlem har ei stemme kvar om ikkje anna er fastsett i vedtektene. Årsmøte er øvste organ i eit samvirkeføretak. Alle medlemmane har møterett og stemmerett på årsmøte, om ikkje anna er fastsett i vedtektene. Vidare skal samvirke ha eit styre på minimum tre medlemar og ein dagleg leiar, med mindre anna er fastsett i vedtektene. Eit samvirke kan omdannast til eit aksjeselskap og på den måten behalde sin kontinuitet (lova opnar ikkje for omdanning til t.d. IKS). Eit samvirke kan oppløysast med to

tredjedels fleirtall på årsmøte, om ikkje det er fastsett strengare krav i vedtektene.

5. Stiftingar

Regulert av stiftelsesloven. Lova definerer ei stifting slik: «Med stiftelse forstås en formuesverdi som ved testament, gave eller annen rettslig disposisjon selvstendig er stilt til rådighet for et bestemt formål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annen art». Ved stiftinga gjev opprettaren frå seg eigedomsretten til formuesverdien. Ingen kan eige ei stifting. Opprettaren mistar kontrollen med korleis formuesverdiane forvaltast, og kan som ein klar hovudregel ikkje motta midlar frå stiftinga. Stiftingar er eigne juridiske personar, og kan ha alle slags typar formål. Stiftingar er inndelt i to typar: alminnelege stiftingar og næringsdrivande stiftingar. Enkelte føresegner i lova gjeld berre for næringsdrivande stiftingar. Stiftingar skal registrerast i stiftingsregisteret; eit register administrert av Stiftelsestilsynet. Ei stifting skal ha vedtekter som fastset føremål, namn, kva organ stiftinga skal ha, tal medleamar i styret og reglar for val av styremedleamar, og storleiken på grunnkapitalen (minimum NOK 100 000). Stiftingar skal opprettast med eit styre. Næringsstiftingar med grunnkapital over 3 mill. kr. skal i tillegg ha dagleg leiar. Ei stifting kan opphevast og avviklast, men det skal svært mykje til.

2.5 Oversikt over konsekvensar etter selskapsform

1. Aksjeselskap:

a. Konsekvensar for eigarar ved samanslåing:

- Aksjeselskap med ein eigar

Overtek den nye kommunen automatisk aksjane til dei tidlegare kommunane?

Overføring av aksjar er regulert av aksjelova. Der ein kommune eig 100 % av aksjane vil ei samanslåing med andre kommunar vere ukomplisert. KS legg til grunn at eigarskifte som ein konsekvens av kommunesamanslåing ikkje inneber noko overdraging i samband med sal av aksjar. Eventuelle forbod mot sal av aksjar i vedtektene, selskapsavtalen eller aksjelova stenger derfor ikkje for at ny kommune trer inn som eigar i aksjeselskapet.

Oppgåve: Ny eigarkommune må melde frå til selskapet om overføringa i tråd med aksjelova § 4-12 (ikkje krav om samtykke)

Er det behov for vedtektsendringar?

KS legg til grunn at det vanlegvis ikkje vil vere behov for vedtektsendringar ved eigarskifte i eit aksjeselskap. Eit unntak kan vere dersom namnet på den gamle kommunen står i vedtektene, eller det er fastsett ei geografisk avgrensing som gjer at ikkje heile den nye eigarkommunen er omfatta av selskapet si verksemd, eller liknande.

Oppgåve: Den nye kommunen må sjekke innhaldet i selskapet sine vedtekter.

- Aksjeselskap med fleire eigarar

Overtak den nye kommunen automatisk aksjane til den/dei tidlegare kommunane?

Når alle eigarane inngår i same kommunesamanslåingsprosess vert det på same vis som når eit aksjeselskap har ein eigar. Den nye kommunen trer inn i dei gamle kommunane sine rettar og plikter.

Når ein kommune slår seg saman med ein eller fleire kommunar som ikkje er eigarar av eit selskap, vil den nye kommunen overta aksjane den eine av kommunane har hatt, med mindre dette utløyser forkjøpsrett for dei andre eigarane av selskapet, jf. reglane om dette i aksjelova. I inndelingslova § 16 b vart det i 2016 teke inn ei avklaring om at overføring av aksjar som følgje av kommunesamanslåing *ikkje* utløyser forkjøpsrett for andre aksjonærar og *ikkje* krev samtykke frå styret.

Oppgåve: Ny eigarkommune må melde frå til selskapet om overføringa i tråd med aksjelova § 4-12 (ikkje krav om samtykke)

Er det behov for vedtektsendringar?

Sjå punktet over om behovet for vedtektsendringar i selskap der kommunen er eineigar. Fleire eigarar kan gjere det vanskelegare å få gjennom eit krav om vedtektsendringar; det er krav om 2/3 fleirtal. Eit aksjeselskap sine vedtekter skal vanlegvis vere kortfatta og innretta med tanke på at aksjane skal kunne skifte eigarar, noko som tilseier at problemstillinga ikkje vil vere tilbakevendande. Om det likevel skulle verte nødvendig er det reglane og fristane i aksjelova som gjeld. Styret har eit forvaltningsansvar for selskapet, og med dette eit ansvar for å sørge for å gje eigarane beskjed dersom selskapsavtalen ikkje er i tråd med selskapet si verksemd eller det styringsverktøyet selskapet skal halde seg til.

Oppgåve: Den nye kommunen må sjekke innhaldet i selskapet sine vedtekter. Styret vil også ha ei plikt til å gje beskjed til eigarane dersom selskapsavtalen ikkje er i tråd med lova. For selskap med fleire eigarar er gjerne styret si plikt sterkare, enn ved ein eigar.

b. Konsekvensar for selskapa ved samanslåing:

Generelt:

- Ta imot meldingar om eigarskifte.
- Ny eigar/eigarar å halde seg til.
 - Dette kan t.d. bety ny eigarstrategi å halde seg til for selskapet, eller endring av verksemda (generalforsamlinga).
- Kan oppstå behov for å registrere endringar i føretaksregisteret.

Ved fleire aksjeeigarar:

- Kan få færre eigarar å halde seg til dersom nokon av eigarane slår seg saman og ei anna maktfordeling i selskapet. Dette kan igjen virke inn på drifta av selskapet.
- c. **Konsekvensar for tredjemann (kreditorar/kontraktspartar o.l.) ved samanslåing:**
- Ein tredjemann held seg til selskapet som rettssubjekt, ikkje den enkelte eigar. Eit eigarskifte vil derfor ikkje ha innverknad på avtalar mellom selskapet og andre.
 - Kreditor kan ikkje motsette seg eit eigarskifte.
 - I tilfelle der ein kommune som aksjeeigar har stilt seg som kausjonist for selskapet, må kreditor som regel akseptere at kausjonsansvaret vert overteke av den nye kommunen. Kreditor vil måtte halde seg til garantiavtalen. Ein garanti kan vere stilt anten som ein sjølvskyldnarkausjon (kreditor kan gå direkte på kausjonist med ein gong han ikkje får betalt hjå hovudskyldnar uavhengig av om vedkomande kan betale) eller som ein simpel kausjon (kreditor må stadfeste at hovudskyldnaren ikkje kan betale før han søker dekning hjå kausjonist). Dersom ikkje anna er eksplisitt fastsett, er ein garanti gjeven som ein simpel kausjon.

2. IKS:

a. Konsekvensar for eigarar

- Inndelingslova § 16 har eigne fristar for når deltakarar i IKS kan sei opp deltakinga i samarbeidet eller krevje vedtektsendringar.
- Overføring av deltaking:
 - Lov om interkommunale selskap (iksl.) § 26 har reglar om eigarskifte og KS legg til grunn at eigarskifte som følgje av kommunesamanslåing er i tråd med § 26, så lenge dei andre deltakarane samtykker. Den nye kommunen overtek rettar og plikter frå den eller dei kommunane som inngår i den nye kommunen.
- Oppseiing:
 - Ein kommune vil alltid kunne seie opp sitt deltakarforhold i eit IKS, jf. iksl. § 30. Lova sin oppseiingsfrist er eitt år, om ikkje anna er avtalt i selskapsavtalen (kan vere avtalt ei bindingstid). For dei av deltakarane som har fått endra sine grenser, fastset inndelingslova ein kortare oppseiingsfrist på seks månader. KS legg til grunn at denne særregelen også går føre eventuell bindingstid.
- Endring av selskapsavtalen (krev i utg. pkt. at alle stemmer for):
 - Prosess: Etter ei kommunesamanslåing har kommunar som fell inn under verkeområdet til inndelingslova § 16 ein frist på seks månader til å krevje at selskapsavtalen vert vurdert på nytt. Dette betyr at kommunen har krav om at førespurnaden vert realitetsbehandla.
 - Ved kommunesamanslåing kan eigarbrøken verte ein annan. Dette vil krevje endring av selskapsavtalen. KS legg til grunn at eigarbrøken i realiteten vil vere endra frå samanslåingstidspunktet, sjølv om selskapsavtalen er uendra på det tidspunktet.
 - Endring av eigarbrøken kan medføre ei endring av maktfordelinga mellom deltakarane. Dette gjeld særleg dersom stemmeretten i selskapsavtalen er knytt opp mot eigarbrøken. **Der kvar deltakar etter selskapsavtalen berre har ei**

stemme kvar, vil i utgangspunktet ikkje to tidlegare deltakarkommunar som slår seg saman få med seg begge stemmene.

- Endring av namn på deltakarane, krev endring av selskapsavtalen.
Oppgåve: ved endra eigarbrøk og endra deltakarnamn må deltakarkommunane få endra selskapsavtalen (ved/etter samanslåinga). Styret har eit forvaltningsansvar tilsvarande som for aksjeselskap, og bør sørge for å gje eigarane beskjed dersom selskapsavtalen ikkje er i tråd med selskapets verksemd eller styringsverktøyet selskapet skal halde seg til og eigarane ikkje sørger for endring av selskapsavtalen sjølv.

Alternativ ved endra maktfordeling i negativ lei for Vlfk: Endra fordeling av stemmeretten eller seie opp deltakarforholdet.

- Drift/verksemd:
 - Dersom kommunesamanslåinga medfører at det berre er ein deltakar igjen i selskapet, og kommunen ønskjer at verksemda skal vere eige rettssubjekt, må verksemda omorganiserast til eit aksjeselskap eller invitere andre deltakarar inn i IKSet.
Oppgåve: Fylkeskommunen må få oversikt over deltakarsamansetning etter samanslåing.

b. Konsekvensar for selskapa:

- Oppløysing dersom berre ein deltakar att.
 - Der alle dei tidlegare deltakarane inngår i ein ny kommune vert rettar og plikter overtekne av den nye kommunen ved overføring av verksemda. KS meiner det må leggest til grunn at dei tilsette i IKSet følgjer med over til kommunen som ny arbeidsgjevar og at ingen kan seiast opp som følgje av sjølv overdraginga. Dersom verksemda ikkje vert overført til kommunen skjer det inga verksemdsoverdraging, og dei tilsette har i utgangspunktet ingen rett til tilsetting i kommunen.
- Framhald dersom to eller fleire deltakarar att.
 - Selskapet får i så fall færre eigarar å halde seg til.
 - Endra maktbalanse kan føre til endra verksemd.
 - Selskapet må halde seg til ny selskapsavtale.

c. Konsekvensar for tredjemann:

- Deltakarane har uavgrensa ansvar, og garantiansvar er derfor ikkje aktuelt i praksis.
- Kreditorar kan ikkje motsette seg opphøyr av eit IKS. Eventuelle plikter må gjerast opp i samsvar med reglane om avvikling i iksl.
- Kreditorar kan ikkje motsette seg endringar på eigarsida.

3. § 27 samarbeid oppretta som eigne rettssubjekt (§ 27 samarbeid):

a. Konsekvensar for eigarane:

- Konsekvensane vert i stor grad dei same som for eit IKS. Fristreglane i inndelingslova § 16 gjeld tilsvarande. Resten er regulert av kommunelova (kompl.) § 27 og vedtektene.
- Endring av vedtektene:
 - Dersom vedtektene inneheld namn på deltakarane, må vedtektene endrast ved vedtak i kommunestyra/fylkestinget.
 - Endringa kan utløyse ønskje om endring i styresamansetninga eller korleis dei vert utpeika.

Oppgåve: Deltakarkommunane må gå gjennom vedtektene for å undersøke om samanslåinga utløyser behov for eller ønskje om vedtektsendringar. KS legg til grunn at styret har ei viss aktivitetsplikt for å sei ifrå også her dersom vedtektene ikkje samsvarar med realitetane etter samanslåing.

- Oppløysing:
 - Dersom samarbeidet vert oppløyst og verksemda vidareført i ny kommune, vil kommunen måtte overta arbeidsgjevaransvaret for tilsette i samarbeidet

b. Konsekvensar for selskapet:

- Selskapet får færre eigarar å halde seg til, få endra vedtekter å halde seg til, eller verte oppløyst.

c. Konsekvensar for tredjemann:

- Kommunane er solidarisk ansvarlege for samarbeidet/selskapet si gjeld og andre plikter med mindre anna er fastsett i vedtektene eller avtalt direkte med kreditor. Derfor ikkje aktuelt med garantiansvar.
- KS legg til grunn at kreditor ikkje kan motsette seg at ny kommune går inn som deltakar, tilsvarande som for eigarskifte i eit IKS.

4. Samvirkeføretak (SA)

a. Konsekvensar for eigarane:

- Vert medlemskapet overført?
 - Eit medlemskap kan ikkje omsettast, og krev både søknad og samtykke (eit unntak er dersom det i vedtektene er bestemt at medlemskap kan overførast og berre krev samtykke frå styret). Samvirkelova § 14 opnar for at alle som kan få sine interesser ivaretekne gjennom formålet i samvirket, har rett til medlemskap. Som hovudregel vil ein ny kommune oppfylle vilkåra for medlemskap på lik linje med den gamle kommunen.

Oppgåve: Fornye medlemskapet.

- Behov for å endre vedtektene?
 - Dersom det er gjort avgrensingar i vedtektene som hindrar at ny kommune vert medlem, vil det vere behov for å endre vedtektene, t.d. ved geografiske avgrensingar.

- Dersom vedtektene ikkje vert endra, og medlemskapet ikkje kan «overførast», vert i utgangspunktet verdiane den gamle kommunen hadde i samvirkeføretaket liggande der. Ny kommune overtek då heller ikkje pliktene den gamle kommunen hadde, med mindre den opphavlege kommunen har stilt økonomisk garanti overfor føretaket.

Oppgåve: undersøke om vedtektene må endrast.

b. Konsekvensar for selskapet:

- Selskapet kan få endra medlemar, endra oppgåveomfang (dersom ny kommune er slått saman av kommunar som ikkje tidlegare var medlem) og endra vedtekter.
- Dersom alle dei tidlegare medlemane inngår i ein ny kommune fell grunnlaget for å vere samvirkeføretak vekk, og samvirket må oppløysast.

c. Konsekvensar for tredjemann:

- Ein kommune vil ikkje ha ansvar for samvirkeføretaket sine plikter med mindre det føreligg ein eigen avtale som bind kommunen. Ein slik avtale vil i så fall også binde ein ny kommune (moglegvis også sjølv om ny kommune ikkje vert medlem).

5. Stiftingar

a. Konsekvensar for kommunane:

- Kommunar som har oppretta ei stifting eig ikkje stiftinga, og formueverdiane i stiftinga er stilt til disposisjon for stiftinga. Ei samanslåing av opprettande kommunar får derfor i utgangspunktet ikkje innverknad verken for kommunen eller stiftinga.
- Ein kommune kan ha forplikta seg økonomisk eller på anna måte overfor ei stifting anten gjennom vedtektene, ved avtale eller gjennom politiske vedtak.
 - Om forpliktinga skal overførast til ny kommune kjem an på ei tolking av avtalen, vedtektene eller vedtaket.
 - Ei anna typisk forplikting kan vere plikta til å velje styremedlem/ar

b. Konsekvensar for stiftingane:

- Avtalar med tidlegare kommunar kan falle bort eller verte sagde opp.
- Vedtektene kan måtte endrast, t.d. fordi ein kommune er nemnt med namn i vedtektene.
- Stiftinga kan risikere å miste økonomisk støtte
- Stiftinga kan måtte finne andre ordningar for val av styremedlemar dersom den nye kommunen ikkje ønskjer å vidareføre ordninga.

c. Konsekvensar for tredjemann:

- Kreditor held seg til stiftinga uavhengig av kommunesamanslåinga.
- Dersom ein kommune har stilt garanti for stiftinga sine forpliktingar, vil denne følgje med over til den nye kommunen.

2.6 Registreringsplikt

Felles for alle selskapsformene er at nokre av endringane skal registrerast hjå Brønnøysundregistrene eller tilsvarande.

2.7 Samanfatning av ulike oppgåver og konsekvensar i tabell

Under følgjer ei samanfatning av ulike oppgåver og konsekvensar for eigar, selskap og tredjepart i tre ulike tabellar. Tabell 1 greier ut om konsekvensar for eigarane. Tabell 2 om konsekvensar for selskapa og tabell 3 om konsekvensar for tredjepartar.

Tabell 1: Konsekvensar for eigarane

Type selskap	Overføring	Vedtektsendring	Forkjøpsrett for andre	Samtykke	Oppløysing	Endra verksemd	Særskilte fristar	Økonomisk ansvar
Aksjeselskap	Eigarskap vert overført jf. kontinuitetsprinsippet	T.d. namneskifte på deltakarar (dersom fastsett), reglar om styre-representasjon og eigarbrøk.	Nei, jf. inndelingslova § 16 b	Nei, jf. inndelingslova § 16 b		Kan verte endra som følgje av endra maktbalanse mellom eigarar eller endra eigarstrategi		Avgrensa ansvar for selskapet sine økonomiske forpliktingar
IKS	Overføring av eigarskap/deltaking	Endring av selskapsavtalen – endra eigarbrøk og endra namn		Iksl. § 26 - eigarskifte må sannsynlegvis ha samtykke frå alle deltakarane	Dersom mindre enn to deltakarar	Kan verte endra som følgje av endra maktbalanse mellom eigarar eller endra eigarstrategi	Inndelingslova § 16	Uavgrensa ansvar for ein del tilsvarande eigarbrøken for selskapet sine forpliktingar
§ 27 samarbeid	Deltakarane må gjere nye tilslutningsvedtak	Øvste organ i samarbeidet må vedta forslag til vedtektsendringar ved behov				Kan verte endra som følgje av endra maktbalanse mellom eigarar eller endra strategi	Inndelingslova § 16	Uavgrensa ansvar for ein del tilsvarande eigarbrøken for selskapet sine forpliktingar
Samvirkeføretak	Medlemskap må søkast om (evt. overførast)			Styret samtykker.	Dersom mindre enn to medlemar			Overtaking av eit evt. ansvar kan følgje av eiga avtale mellom gamal kommune og SA (uavhengig av medlemskap)
Stiftingar	Ikkje aktuelt	Endring av namn på kommune, dersom omtalt i stiftingsvedtektene						Ikkje tale om eigarskap, men ny kommune kan oppleve å overta eit ansvar gjennom stiftingsvedtektene, politisk vedtak eller eigen avtale. Dette kan vere plikter av både økonomisk og ikkje-økonomisk art.

Tabell 2: Konsekvensar for selskapet/samanslutninga/stiftinga:

Type selskap	Vedtektsendringar	Forkjøpsrett for andre	Samtykke	Oppløysing	Verksemda
Aksjeselskap	Namneskifte ved behov. (registrere endringar)	Nei, inndelingslova § 16 b	Nei, inndelingslova § 16 b		Kan verte endra som følgje av endra maktbalanse mellom eigarar eller endra strategi
IKS	Endring av selskapsavtalen – endra eigarbrøk og endra namn (registrere endringar)		Iksl. § 26 -eigarskifte må ha samtykke frå alle deltakarane	Risiko for oppløysing dersom færre enn to deltakarar	Kan verte endra som følgje av endra maktbalanse mellom eigarar eller endra strategi
§ 27 samarbeid	Deltakarane må gjere nye tilslutningsvedtak (registrere endringar)		Endringa av deltakarar i samarbeidet krev ny tilslutning frå dei andre deltakarane		Kan verte endra som følgje av endra maktbalanse mellom eigarar eller endra strategi
Samvirkeføretak	Dersom avgrensingar i vedtektene som hindrar overføring av medlemskap. Overføring kan ikkje nektast dersom begge dei tidlegare kommunane inngjekk i SAet. (registrere endringar)		Eit medlemskap krev søknad om samtykke. Ein føresetnad for overføring av medlemskap at den nye kommunen får interessene ivaretekne gjennom SAet. Vil som regel vere ok!	Risiko for oppløysing dersom færre enn to deltakarar etter samanslåing	Kan bli endra som følgje av ny medlem
Stiftingar	Namneskifte, val, andre endringar? Må få godkjenning av stiftingstilsynet (opprettar skal uttale seg). Registrere endringane i stiftingsregisteret.				Avtalar med ein kommune kan falle bort. Dette kjem an på ei tolking av avtalen/omstenda rundt. Stiftinga kan risikere å miste økonomisk støtte. Stiftinga kan måtte prøve å finne andre løysingar for val av styremedlemar fordi ny kommune ikkje ønskjer å vidareføre valordning.

Tabell 3: Konsekvensar for tredjemann:

Type selskap	Vedtaksendringar	Samtykke	Oppløysing	Ansvar
Aksjeselskap	Kreditor kan ikkje motsette seg.	Nei, ikkje krav om samtykke frå kreditor til eigarskifte.		Avgrensa ansvar. I tilfelle ein kommune som aksjeeigar er kausjonist for selskapet, må kreditor som regel akseptere at kausjonsansvaret vert overteke av den nye kommunen. Kreditor vil måtte halde seg til garantiavtalen.
IKS	Kreditor kan ikkje motsette seg.	Nei.	Kreditor kan ikkje motsette seg opphøyr. Oppgjer i tråd med avviklingsreglane i IKS-lova.	
Interkommunale samarbeid oppretta som eigne rettssubjekt (§ 27)	Same som for IKS		Same som for IKS	
Samvirkeføretak				Ny kommune vil ikkje ha ansvar overfor tredjemenn for tidlegare medlemskap om ikkje det følgjer av avtale
Stiftingar				Ein garanti overfor tredjemann følgjer med over til ny kommune ved samanslåing

3. Tilråding om administrativ oppfølging og politisk behandling sortert på selskapsform

3.1 Innleiing

I det følgjande vert det gjeve ei kort oversikt over det konkrete arbeidet som må gjerast i samband med overføring av eigarskap frå HFK og SFFK til Vestland fylkeskommune (VLFK). Behovet for administrativ oppfølging og politiske vedtak er illustrert i ein tabell sortert på selskapsform. Deretter følgjer ein tekstdel som utdjuar tabellen.

Tilrådinga under tek først og fremst for seg nødvendig arbeid med sjølv overføringa av eigarskap frå HFK og SFFK til VLFK. Tabellen inneheld derfor ikkje vurderingar av om eigarskap skal vidareførast i Vestland. Dette er likevel vurderingar som kan oppstå undervegs i prosessen, eller i etterkant av samanslåinga. I nokre tilfelle, der HFK og SFFK begge er deleigarar i eit selskap, kan det t.d. oppstå usemje om ny eigarbrøk eller eigarplikter som ei følgje av samanslåinga.

Eigarskap eller deltaking er i nokre tilfelle vurdert i andre delprosjekt, slik som t.d. vurderingar om organiseringa av VLFK si pedagogisk-psykologiske teneste (PPT) og kjøp av revisortjenester. SFFK sin medlemskap i Sogn og Fjordane revisjon IKS er mellom anna sagt opp med verknad frå og med 31.12.2019.

3.2 Oversiktstabell

Selskapstype	Omfang	Kontakt med selskapet i 2019	Politisk handsaming VLFK 2019/2020	Oppfølging 2020
Aksjeselskap:				
HFK eineigar	5 selskap ¹	Brev til/frå selskap om førestående endringar og behovsutgreiing – juni 2019	Ikkje behov for å vedta overføring eller få samtykke frå styret FU/FT kan måtte ta stilling til behov for vedtektsendringar	Oppfølgingsbrev til selskap om overføring og eventuelle ønske om vedtektsendringar Selskapet registrere endringar
HFK medeigarar	16 selskap ²			
SFFK eineigar	1 selskap ³			
SFFK medeigar	16 selskap ⁴			
SFFK og HFK medeigarar (også andre)	7 selskap ⁵			
IKS:				
SFFK og HFK deltakar	Vigo IKS	Brev til IKS om førestående endringar og behovsutgreiing (t.d. endring av eigarbrøk, deltakar, namn), juni 2019	Eigarskapen overført så lenge det ligg føre samtykke frå alle deltakarane . Endringar i selskapsavt. som nemnt i inntaksel. § 4 (3) må vedtakast av FT . Manglande samtykke frå andre eller	Oppfølgingsbrev til IKSet om overføring, evt. krav om endring eller oppseiing (særskilte fristar i inndelingslova – vi har krav på realitetsbehandling når kravd innan 1.7.2020 og seks mnd. oppseiingsfrist)
HFK deltakar	Grieghallen IKS			
SFFK deltakar	<i>Sogn og Fjordane revisjon</i> ⁶ og Trivselshagen IKS			

			endra maktbalanse kan utløyse behov for/ønskje om endring.	IKSet registrere endringar
§ 27 samarbeid:				
Både SFFK og HFK	<i>NDLA og Vestlandsrådet</i> ⁷	Brev til samarbeidet om føreståande endringar juni 2019 Styret (øvsste organ dersom fleire styringsorgan) ansvar for å kome med framlegg til endra vedtekter	Alle deltakarane må slutte seg til endringane/det endra samarbeidet ved politisk vedtak i fylkesting/kommunestyre. FT i VLFK desember 2019 eller mars 2020	Oppfølgingsbrev til samarbeidet (og dei andre delakarane). Samarbeidet registrere endringar dersom registreringsplikt
HFK	-			
SFFK	Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane			
Samvirkeføretak:				
HFK medlem	Biblioteksentralen SA	Brev til samvirket om føreståande endringar og framtidsplanar juni 2019	Må søke om medlemskap på nytt for VLFK (kan overførast dersom vedtektene aktivt opnar for dette). Dersom mindre enn to delakarar att, må SAet oppløysast. Vlfk overtek uansett evt. forpliktingar tidlegare fk har hatt overfor SAet.	Søknad til samvirket (der vedtektene opnar for overføring må styret i SAet berre samtykke). SAet registrere endringar
SFFK medlem	<i>Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane SA (OKOS)</i> ⁸			
Gjensidig selskap:				
HFK og SFFK:	KLP (avtale)	Brev til KLP om føreståande endringar juni 2019	Avtalen overført, jf. kontinuasjonsprinsippet?	Brev til KLP (endring av namn og anna?)

¹ Beredt AS, Bybanen AS, HFK Bussanlegg AS (holding), HFK Tomt Knarvik AS og Valen kraftverk AS.

² Atheno AS, Bergen Vitensenter AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, E134 Haukelivegen AS, Gløde AS, Hardanger AKS, HFK Bussanlegg AS (holding), HFK Tomt Knarvik AS, Hordaland Teater LL, Kveik AS, Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS, Opero AS, Sarsia Development AS, Sunnhordland Lufthamn AS og Vestnorsk filmsenter AS.

³ Sogn og Fjordane Holding AS

⁴ Firda Billag AS, Fjord Invest Såkorn AS, Framtidsfylket AS, In Via AS, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Lutelandet Utvikling AS, Mentro AS, Njøs Næringsutvikling AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Opplæringsfartøy AS, Origod AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Sogn og Fjordane Teater LL, Sogneprodukt AS og Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS.

⁵ Ferde AS, Skyttel AS, Fjord Norge AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Innovasjon Norge (særlovsselskap), Kommunekraft AS og *Vest-Norges Brusselkontor AS* (eigd av Foreininga Vest-Norges Brusselkontor der Hfk og Sfj er medlemar).

⁶ Medlemskapen er sagt opp med verknad frå og med 31.12.2019.

⁷ Verken NDLA eller Vestlandsrådet er eige rettssubjekt, jf. vedtektene til samarbeida. Samarbeida vil like fullt ha eigne styringsorgan og behov for å endre vedtektene.

⁸ Vert stifta i 2019 med vedtekter som opnar opp for overføring av medlemskap

Stiftingar:				
Valfunksjon og plikter som høyrer med til rolla som opprettar	Hfk: 26 stiftingar ⁹ Sffk: 18 stiftingar ¹⁰ Sffk og Hfk: 2 stiftingar ¹¹	Brev til stiftinga om føreståande endringar, våren 2019 Kartlegge kva for plikter Vlfk eventuelt kan få overført	Ta stilling til eventuelle eksisterande plikter Unaturleg å vidareføre valfunksjonen eller behov for endring? FT/FU	Oppfølgingsbrev til stiftinga om endring av namn på fk. Formidle evt. ønskje om endring av valfunksjon eller andre eventuelle plikter Stiftinga utføre nødvendige endringar eller registreringar.
Foreining				
Hfk	HOG Energi og Norsk gassforum	Brev til foreininga om føreståande endringar, t.d. namnebyte, våren 2019. Kartlegge evt. plikter.	Naturleg å vidareføre medlemskapet? Plikter overfor foreininga?	Oppfølgingsbrev om evt. endringar. Foreininga sørgje for nødvendige registreringar
Sffk	Norsk Sjøfuglsenter ¹²			
Felles Sffk og Hfk	IS Fjordvegen Rute 13 (vedtektsregulert interessefellesskap) og Foreininga Vest-Norges Brusselkontor (eigar av Vest-Norges Brusselkontor AS)			

3.3 Utfyllande kommentar til tabellen

Aksjeselskap

Aksjeselskap utgjer i omfang den største eigarskapsposten i begge dei eksisterande fylkeskommunane. Til saman har fylkeskommunane eigarskap i 45 aksjeselskap. Fylkeskommunane sin eigarskap i aksjeselskapa vert overført utan noko behov for politisk handsaming eller samtykke frå selskapsstyra. Det kan likevel oppstå behov for å endre vedtekter og selskapsavtale i ettertid, m.a. der fylkeskommunen er nemnt med namn, der eigarbrøken vert endra i strid med intensjonen med selskapet eller der talet stemmer må fordelast på anna vis. Behovet for endring er gjerne størst for dei selskapa der begge dei eksisterande fylkeskommunane er eigarar. Dette er Kommunekraft AS, Ferde AS, Skyttel AS, Fjord Norge AS, Gulen- og Masfjorden utvikling AS og Innovasjon Norge (Innovasjon Norge er regulert i ei eiga lov, men likevel naturleg å nemne her).

⁹ Arne Bjørndals Fond, Bergen Nasjonale Opera, Bergens sjøfartsmuseum, Bymuseet i Bergen, Den Weis-Rosenkonske stiftelse – Baroniet i Rosendal, Festspillene i Bergen, Hardanger og Voss museum, Ivar Thorkildsens legat, Kristoffer Lehmkuhls fond, Kunstmuseene i Bergen, Museum Vest, Museumssenteret i Hordaland, Norsk Vasskraft og industristadmuseum, Olav H. Hauge stiftinga, Skrivekunstakademiet i Hordaland, Stiftelsen Klosteret 17, Stiftelsen Kulturhuset USF Verftet, Stiftelsen Solhovden, Stiftelsen Stiftelsen Voss Mylna, Stiftinga Fjeldberg Prestegard, Stiftinga Kystsogevakene, Stiftinga Meland Golf og Naturpark, Stiftinga Oselvarverkstaden og Sunnhordland museum.

¹⁰ Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal, Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid, Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane, Stiftinga Balejazz, Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Stiftinga Innvik Næringsutvikling, Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, Stiftinga Norsk Countrytreff, Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter, Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter, Stiftinga Nærøfjorden Verdsarvpark, Stiftinga Røde Kors Nordisk United World College, Stiftinga Singerheimen, Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling, Stiftinga til fremje av rekruttering og kompetanseutvikling i Sogn og Fjordane (REKOMP) og Stiftinga Vestlandforskning.

¹¹ Nynorsk kultursentrum, Vestnorsk Jazzsenter

¹² Sffk er også medlem av samarbeidsnettverka IT-Forum Sogn og Fjordane og Forum for Grøn Energi.

Kommunekraft AS er eigd av Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK), kommunar som er medlemar av LVK og fylkeskommunar. Det er berre desse som kan eige aksjar i selskapet, og kvar kommune eller fylkeskommune skal berre eige ein aksje kvar. LVK vil mest truleg forplikte seg til å kjøpe ein av aksjane (dette har dei gjort greie for i brev til nye Sunnfjord kommune).

Ferde AS er eigd av fem fylkeskommunar. Samanslåinga av fylkeskommunane gjer at eigarbrøkane i Ferde AS endrar seg frå lik eigardel til ulik eigardel (Rogaland fk 20%, Vestland fk 40% og Agder fk 40%). Det er derfor naudsynt å sjå nærare på om det er behov for å endre aksjekapitalen, styrerepresentasjonen og vedtektene i Ferde AS. Det står ikkje noko i vedtektene om eigarbrøkane, men i saksgrunnlaget for fylkestinga sine vedtak om etablering av eit regionalt bompengeselskap vart det føresett lik eigardel og likt tal styremedlemer:

«Fylkesrådmennene rår til at aksjekapitalen vert likt fordelt mellom eigarane. ... Talet på prosjekt i det regional selskapet vil variera over tid. Nærleiken til dei enkelte prosjekta som er bompengefinansierte kan sikrast gjennom prosjektstyringsgrupper/kontaktutval- og er uavhengig av kven som sit i styret. Fylkesrådmennene kan ikkje sjå at enkelte fylkeskommunar i region sør/vest har særleg styringsbehov som tilseier ulik aksjefordeling eller ulikt tal på styremedlemmer.»

Om føresetnaden om lik aksjefordeling og likt tal styremedlemmer framleis skal gjelde etter 1.1.2020, vil det vere behov for å gjere endringar i eigarskapen, styresamansetninga og vedtektene. Eigarskapen kan endrast ved å gjennomføre ei kapitalauke i Ferde AS ved ein retta emisjon mot Rogaland fylkeskommune, som vert invitert til å teikna seg for 100 nye aksjar til ein kurs på 1000 kr. per aksje, slik at eigarbrøkane vert like. Viss ein skal sikra likt tal styremedlemar mellom dei 3 eigarane etter samanslåinga, må dette punktet i vedtektene endrast. Talet på styremedlemar kan utvidast med 1, slik at det kjem 2 frå kvart fylke. Talet på varamedlemar kan samstundes reduserast frå 5 til 3, der det kjem 1 frå kvar fylkeskommune, om ein fjernar regelen om at varamedlemane skal vera personlege.

Det same vil truleg gjelde for Skyttel AS, som har tilsvarande eigarskapstilhøve som Ferde AS. Ferde AS har allereie sendt ut eit brev med forslag til endring, og det er derfor Ferde AS er omtalt meir i detalj her.

Fjord Norge AS er eigd av mellom anna fire fylkeskommunar (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal). Med unntak av Bergen Reiselivslag, er fylkeskommunane dei største aksjeeigarane, med 8,92 % av aksjane kvar. Det er berre ein aksjeklasse og kvar aksje har ei stemme på generalforsamlinga. Kvar fylkeskommune peikar ut ein styremedlem kvar. Styret har til saman ni medlemar. I tillegg har kvar fylkeskommune ein medlem av valkomiteen. Av dei fire fylkeskommunane er det berre Sffk og Hfk som skal slåast saman, og det kan oppstå spørsmål om Vlfk skal ha større aksjepost, og fleire rettar og plikter enn dei andre to.

Gulen- og Masfjorden Utvikling AS er eigd av Gulen kommune, Masfjorden kommune, SIVA, Hfk og Sffk. Sffk har ein eigardel på 22,4% og Hfk på 9,7%. Fylkeskommunane har kvar sin styremedlem. Minst 50% av styremedlemane skal veljast frå næringslivet i kommunane Gulen og Masfjorden. Av eigarane er det berre Sffk og Hfk som skal slå seg saman.

Innovasjon Norge er eit særlovselskap, som er regulert av lov om Innovasjon Norge. Staten skal eige 51% og fylkeskommunane 49% av selskapet, jf. lova § 2 om eigarforhold. Fylkeskommunane sin eigardel samsvarar med dei ulike fylkeskommunane sin del av innskotskapitalen, jf. vedtektene § 7.

Fylkeskommunane sin innskotskapital er til saman og likt fordelt 9 600 000 kr. Sffk og Hfk har kvar ein eigarprosent på 2,58 og ein innskoten kapital på 505 474 kr. Dersom kvar fylkeskommune skal ha like stor eigardel etter gjennomføringa av regionreforma, må selskapet gjere endringar.

For dei andre aksjeselskapa vil det først og fremst kunne vere nødvendig å endre vedtektene, t.d. dersom fylkeskommunen er nemnt med namn.

Interkommunale selskap (IKS)

Både Sffk og Hfk er deltakar i det interkommunale selskapet Vigo IKS. Vigo IKS er eit nasjonalt samarbeid som bygger på ein selskapsavtale mellom dei deltakande fylkeskommunane. Dei 19 deltakarane har lik eigardel i selskapet og kvar deltakar er ansvarleg for 1/19 av selskapet si samla gjeld. Kvar av deltakarane betalar eit årleg beløp etter forslag frå representantskapet og vedtak i dei ulike fylkestinga, som skal gå til dekking av selskapets felleskostnader. Her vil det vere behov for å endre vedtektene, dersom deltakarane framleis skal ha lik eigardel i selskapet. Selskapsavtalen kan endrast ved at deltakarane gjer likelydande vedtak om dette.

Grieghallen IKS har to deltakarar, Hfk og Bergen kommune. Dei to deltakarane eig halvparten av selskapet kvar. Det er behov for å endre namnet på fylkeskommunen som deltakar. Endringa krev vedtak i fylkesting og bystyre, i tillegg til samstemt vedtak i representantskapet, jf. selskapsavtalen § 12.

Trivselshagen IKS har to deltakarar; Sffk og Gloppen kommune. Eigarskapen er delt likt på desse. Behovet for endring vil vere tilsvarande som for Grieghallen IKS.

Interkommunale samarbeid etter kommunelova § 27

For dei tre samarbeida vil det vere behov for å oppdatere namnet på fylkeskommunen som deltakar i samarbeida eller som juridisk ansvarleg kommune (NDLA). Ei endring av vedtektene vil som regel krevje vedtak både i representantskapet (eller styret dersom samarbeidet berre har eit organ) og i deltakarane sine fylkesting/kommunestyre. (Når vedtektene likevel skal endrast, kan samarbeida vurdere å omdanne seg til kommunalt oppgåvefellesskap eller interkommunalt politisk råd etter ny kommunelov. Det er likevel fastsett ein omdanningsfrist på fire år i overgangsføresegna i ny kommunelov, og det hastar derfor ikkje.)

Samvirkeføretak

Medlemskapet i eit samvirkeføretak vert berre overdrege til Vlfk, dersom samvirkeføretaket sine vedtekter nemner særskilt at overføring er tillate. For OKOS sin del vil vedtektene opne opp for dette. For Biblioteksentralen SA, eit samvirkeføretak eigd av norske kommunar og fylkeskommunar, KS og Norsk Bibliotekforening, må det søkast om medlemskap på nytt. Føretaket kan berre nekte avslå søknaden dersom det er sakleg grunn for det, jf. vedtektene § 3, så det skal ikkje vere problematisk å få forny medlemskapet.

Gjensidige selskap

Begge fylkeskommunane er i dag med i det avtalebaserte selskapet KLP (Avtale om kommunal pensjonskasse). KLP er ein stor aktør, og vi legg til grunn at KLP sjølv tek stilling til kva for endringar som vil vere nødvendige å gjere som følgje av kommune- og regionreforma. Fylkeskommunen vil ta kontakt med KLP om dette våren 2019.

Stiftingar

Ei stifting som organisasjonsform er sjølveigande, og fylkeskommunane har derfor ikkje noko eigarskapsinteresser i desse. Grunnen til at stiftingar likevel vert nemnde her, er at fylkeskommunane har plikter eller rettar overfor slike stiftingar som vert overførte til Vlfk. Dette kan vere oppgåva med å velje styremedlemar, ein uttalerett som opprettar i samband med omdanningar, eller anna. Dersom fylkeskommunane er nemnde med namn i stiftinga sine vedtekter, vil det vere nødvendig å endre vedtektene på dette punktet.

Når det gjeld tilskot til stiftingar, er dette noko som vert tildelt årleg basert på søknad i fylkeskommunane. Det føreligg heller ikkje andre avtalebaserte plikter overfor stiftingar i fylkeskommunane som er verdt å nemne i denne samanhengen.¹³

Foreining

Foreiningar har medlemar, ikkje eigarar, men på same måte som for stiftingane kan det vere behov for å få endra namnet på fylkeskommunen, dersom dette står i vedtektene. Når det gjeld tilskot til foreiningar, er dette noko som vert tildelt årleg basert på søknad i fylkeskommunane. Det føreligg heller ikkje andre avtalebaserte plikter overfor foreiningar i fylkeskommunane som er verdt å nemne i denne samanhengen.

3.3 Tidsplan

Prosjektgruppa vil i juni 2019 sende ut brev til dei ulike selskapa om den føreståande endringa. Etter kvart som vi får svar frå dei ulike selskapa, vil vi kunne utarbeide ei nøyaktig oversikt over kva endringar som skal behandlast politisk.

Når vi får meir informasjon om delegeringsreglement for VLFK og om politisk møteplan for siste del av 2019 og første del av 2020, vil vi kunne utarbeide ein tentativ tidsplan for politisk handsaming. Dette vil prosjektet vite meir om i juni, etter behandling av sakene i fellesnemnda. Slik tilrådinga er per dags dato, ligg det an til at det er fylkestinget i Vestland som skal velje representantar til styre osv., etter innstilling frå ei valnemnd. For prosjektet er det førebels ikkje kjent om det også ligg an til at det er fylkestinget i VLFK som skal behandle eigarskapsaker generelt. I nokre tilfelle, for endring av vedtektene til eit § 27-samarbeid eller endring av selskapsavtalen for eit IKS (med unnatak av nokre typar endringar), er det lovbestemt at myndet ligg hjå fylkestinget.

Vi veit førebels at **Vestland fylkesting** skal ha desse møta til hausten:

- 15-16. oktober 2019: Konstituerande møte
- 17-18. desember 2019: Budsjettmøte
- Mars/april 2020: Første møte i 2020

Vi legg til grunn at **fylkesutvalet i Vestland** skal ha møte i:

- Januar/februar 2020

Der det er behov for politisk handsaming i samband med overføringa av eigarskap, eller som ein konsekvens av at eigarskap vert overført, vil det vere føremålstenleg å samordne dei ulike sakene m.a. av omsyn til effektivitet.

¹³ Sffk har teke på seg ei sekretariatsrolle for stiftinga REKOMP i samband med ein initiert prosess med å avvikle denne stiftinga.

Delrapporten skal følgjast opp med eit notat til fellesnemnda i juni. Gjennom notatet blir fellesnemnda orientert om den planlagde prosessen for overføring av eigarskap, og får høve til å kome med innvendingar mot det skisserte opplegget for politisk handsaming.

Vedlegg 1: Samandragssmal

1.	Oppgåveforståing: Kva oppgåve er det delprosjektet har greidd ut?	I denne delrapporten har prosjektet greidd ut om korleis overføringa av eigarskap frå dagens fylkeskommunar skal overførast til Vestland fylkeskommune. Utgreiinga omfattar kva regelverk som gjer seg gjeldande, kva oppgåver ei overføring medfører og kva konsekvensar samanslåinga kan medføre for dei involverte, omfang, både når det gjeld administrativt og politisk arbeid, og omtrentleg tidsaspekt for gjennomføringa av arbeidet.
2.	No-situasjonen:	Dagens fylkeskommunar er eigarar av fleire aksjeselskap, deltakarar i interkommunale selskap og kompl. § 27-samarbeid og medlem av samvirkeføretak. Fylkeskommunane har også til oppgåve å utpeike eller velje styremedlemar til stiftingar og foreiningar.
3.	2020-situasjonen:	Eigarskap vert i all hovudsak overført til Vestland fylkeskommune utan at fylkeskommunen treng å gjere noko for at det skal skje. I ettertid vil det vere behov for å oppdatere vedtekter og selskapsavtaler. I nokre tilfelle vil det dreie seg om enkle endringar av namn i vedtektene, i andre tilfelle vil det vere behov for å endre eigarbrøken og/eller tal stemmer kvar eigar eller deltakar har. Nokre selskapstypar føreset samtykke frå styret i selskapet eller politiske vedtak hjå kvar deltakar før eigarskapet eller deltakinga vert overført. For samvirkeføretak vil det som regel vere behov for å fornye medlemskapet ved søknad.
4.	Samanslåingsgevinstar vi kan oppnå og kva for ev. omstillingskostnader vi får gjennom felles oppgåveløysing/organisering.	Det er lagt opp til å bruke interne resursar i arbeidet med eigarskapsoverføring både før og etter samanslåing, og slik sett vil ikkje omstillinga føre til direkte meirkostnader. Eigarporteføljen blir om lag dobla ved samanslåinga. Gruppa har derfor vanskeleg for å sjå at arbeidet vil krevje noko særleg mindre ressursar enn i dag. Eit større fagmiljø kan føre til kompetanseheving og betre eigaroppfølging, som på sikt kan tenkast å gje samanslåingsgevinstar.
5.	Økonomiske forhold og liknande som følgje av samanslåinga	Delrapporten gjeld først og fremst nødvendig arbeid med sjølv overføringa av eigarskap frå HFK og SFFK til VLFK. Rapporten inneheld derfor ikkje vurderingar av om eigarskap skal vidareførast i Vestland. Dette er likevel vurderingar som kan oppstå undervegs i prosessen, eller i etterkant av samanslåinga. I nokre tilfelle, der HFK og SFFK begge er deleigarar i eit selskap, kan det t.d. oppstå usemje om ny eigarbrøk eller eigarplikter som ei følgje av samanslåinga.

Vedlegg 2: Tabell med oversikt over aksjeselskap i VLFK

Aksjeselskap Vestland			
	Eigardel i prosent/kr		
Namn på selskap	HFK	SFFK	VLFK
Atheno AS	3,1% -		3,1% -
Beredt AS	100% - 100 000		100% - 100 000
Bergen Vitensenter AS	19% - 449 920		19% - 449 920
Bybanen AS	100% - 1 550 000		100% - 1 550 000
Carte Blanche AS	15% - 15 000		15% - 15 000
Den Nationale Scene AS	16,67% - 16 700		16,67% - 16 700
E134 Haukelivegen AS	3% - 9840		3% - 9840
Ferde AS	20% - 100 000	20% - 100 000	33,3 % - 200 000?
Firda Billag AS		5% - 500 000	5% - 500 000
Fjord Invest Såkorn AS		55,88% - 19 000 000	55,88% - 19 000 000
Fjord Norge AS	8,9% - 370 000	8,9% - 370 000	?
Framtidsfylket AS		2,8% - 17 000	2,8% - 17 000
Gløde AS	17,7% - 40 058		17,7% - 40 058
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	9,7% - 500 156	22,42% - 1 156 250	32,12 - 1 656 406?
Hardanger AKS	36,4% - 113 004		36,4% - 113 004
HFK Bussanlegg AS	100% - 100 000		100% - 100 000
HFK Tomt Knarvik AS	100% - 12 000 000		100% - 12 000 000
Hordaland Teater LL	60% - 60 000		60% - 60 000
In Via AS		32% - 325 500	32% - 325 500
Innovasjon Norge (særlovselskap)	2,58% - 505 474	2,58% - 505 474	? (fylkeskommunane skal ha like stor del)

Kommunekraft AS	0,31% - 1000	0,31% - 1000	0,31% - 1000 ? (Kvar kommune/fk skal berre ha ei aksje. LVK plikt til å kjøpe den andre.)
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS		38,17% - 2 500 000	38,17% - 2 500 000
Kveik AS	23,34% - 648 905		23,34% - 648 905
Lutelandet Utvikling AS		48% - 768 000	48% - 768 000
Mentro AS		30% - 150 000	30% - 150 000
Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS	50% - 50 000		50% - 50 000
Njøs Næringsutvikling AS		22,20% - 100 000	22,20% - 100 000
Norsk Fjordhestsenter AS		30% - 1 360 000	30% - 1 360 000
Opero AS	16,6% - 291 330		16,6% - 291 330
Opplæringsfartøy AS		77% - 6 000 000	77% - 6 000 000
Origod AS		26% - 150 000	26% - 150 000
Sarsia Development AS	1,6% - 30 377		1,6% - 30 377
Skyttel AS	20% - 33 413 600	20% - 33 413 600	33,3 %?
Sogn og Fjordane Energi AS		49,56% - 383 490 400	Pågåande prosess
Sogn og Fjordane Fondet AS		50% - 120 000	50% - 120 000
Sogn og Fjordane Holding AS		100% - 3 834 904	100% - 3 834 904
Sogn og Fjordane Teater LL		80% - 80 000	80% - 80 000
Sogneprodukt AS		30% - 150 000	30% - 150 000
Sunnhordland Lufthamn AS	21% - 420 000		21% - 420 000
Valen kraftverk AS	100% - 100 000		100% - 100 000
Vest-Noregs Brusselkontor	Medlem av eigarforeining	Medlem av eigarforeining	Medlem av eigarforeining
Vestnorsk filmsenter AS	50% - 50 000		50% - 50 000
Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS		33,3% - 1 020 000	33,3% - 1 020 000